



Referat frå programstyremøte i Spansk språk og latinamerikastudium

Dato: 18. september 2019

Tid: kl. 12:30-13

Sted: HF-bygget, rom 309

Til stades: Jon Askeland (fagkoordinator), Synnøve Ones Rosales (førsteamanuensis), Xavier Ilovet Vilà (førsteamanuensis), Ernesto Semán (førsteamanuensis), Marta Sánchez Salvá (stipendiat)

Saksliste:

5/19 Godkjenning av innkalling og saksliste
Godkjent

6/19 Godkjenning av møtereferat frå programstyremøte 10. april (vedlegg 1)
Godkjent

Merknad: Frå førre referat stod det at dåverande studentrepresentantar ville tre av. Det har ikkje lykkast å verve nokon nye i denne perioden. Sekretæren for programstyret vil arbeide for å få på plass to representantar.

7/19 Orienteringssaker

1. Nye malar for eigenevaluering av emne frå og med haustsemesteret

UiB har tatt i bruk eit nytt system for evaluering av emne. Rosales sender ut ny mal til emneansvarlege. Evalueringa av vårsemesteret 2019 vil også bli tema på neste lærarmøte.

2. To fristar i året for å endre emneomtalar

I år blir fristen fyrste desember for å gjere endringar for hausten 2020. Framover vil det kome nye fristar grunna innføring av EPN på nett. NB! Studieprogram kan berre endrast ein gong i året, haust til haust.

3. Rekrutteringsarrangement i tida som kjem

Det ser ut for at talet på søkjarar til program ved Spansk språk og latinamerikastudium er nedgåande. Det er stemning for å leggje meir vekt på rekruttering i tida framover. 10. februar 2020 skal det arrangerast «Open dag». Det ble ikkje tid til å kome med innspel på dette møtet, men vi vil vende tilbake til dette ved neste høve.

4. Oppmeldingstal for hausten 2019



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

Styret konstaterer at det har vore relativt gode oppmeldingstal dette semesteret.
Kommentar: «Betre enn førre semester.».

5. DIKU (saka tatt opp på møtet)

Det er semje om å søke DIKU om midlar til å justere fagprogramma (endre studieplanar osv.)

8/19

Vedtakssak

Vi må nemne opp ny ekstern fagfelle (tidlegare omtalt som «programsensor»). I høve studiestyret er det kun tilrådd å utnemne ein ekstern fagfelle for faget Spansk og latinamerikastudium.

Programstyret set krav til kompetanse. Den eksterne fagfellen må av grad minimum vere førsteamanuensis. Askeland presenterer tre kandidatar for styret. Dei er:

- 1 Hans Jakob Ohldieck (førsteamanuensis, Universitetet i Sørøst-Norge)
- 2 Eli-Marie Drange (førsteamanuensis, Universitetet i Agder)
- 3 Steinar A. Sæther (professor, Universitetet i Oslo)

Programstyret er vedtaksdyktig (50 %) og vedtar å spørje kandidatane i prioritert rekkjefølge.

Den eksterne fagfellen vil disponere 65 arbeidstimar per periode (eit år). Her reknar ein inn både arbeid med rapport og besøk (fagfellar og studentar). Programstyret må bli samde om kva dei ønskjer skal vere tema for neste rapport.

9/19

Drøftingssak

1. *Evaluering av vårsemesteret*
2. *Planlegging av opplegg for våren 2020, og særleg SPLA 314 og SPLA 315. Dette blir også særleg tema for lærarmøte i oktober, og eventuelle studieplanendringar/justeringar med frist 1. desember.*

Programstyret ser for seg at denne drøftingssaka blir tema for lærarmøte 23. oktober 2019. Det kjem innspel om bruk av dei nye malane for evaluering.

10/19

Ymse

Dette er saker som vart tekne opp mot slutten av møtet.

1. Gjesteforelesar

Askeland fortel at NorLARNet har tatt kontakt med tilbod til oss om å få besøk av ein argentisk gjesteforelesar, Federico Leguizamón. Dette vart diskutert og det



UNIVERSITETET I BERGEN

Institutt for fremmedspråk (IF)

kom innspel frå representantar i styret på at ein vil takke nei til dette. I staden vil ein arbeide for å få besøk av Gisela Heffes ein gong til våren 2020.

2. Førespurnad

Askeland spør på vegne av Keziah Kilmer om nokon kjenner til personar som har kompetanse på temaet: abort i Latinamerika. Synnøve Rosales har ein masterstudent som arbeider med tematikk som også gjeld abortspørsmålet. Kontaktinformasjon vert oversend.

18.09.19/RGB